

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2021 53. årg.



Påskefeiring i Syria

side 6



Ingrid ved veven

side 8



Pilgrimsvandring

side 12



Årets festeaksjon

side 17

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN**Kyrkjekontoret**

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 - 14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: www.timekyrkja.noe-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle

tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland

tlf. 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø

tlf. 488 96 919

Barne- og ungdomsdiakon:

Marit Høie Hetland

tlf. 911 63 039

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølberg

tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevevjerje: Siri Vik

tlf. 906 43 758

Kyrkjevevjerje: Gunnar Bjorland Stone

tlf. 406 01 079

Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru

tlf. 979 79 771

Time

Sokneprest Yngvar Nilsen

tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårland

tlf. 489 97 102

Trusopplærar Ragnhild Hanssen

tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Elen Fosse

tlf. 981 89 102

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk

tlf. 913 86 545

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland

tlf. 990 26 276

Klokkar: Øivind Njølstad Egeland

Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge

tlf. 958 35 364

Kyrkjetenar ved gravferd: Marko Sundt

tlf. 951 17 574

Time kyrkjegard

tlf. 51 48 32 84

BryneHeimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård

tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland

tlf. 900 18 708

Trusopplærar: Marit Høie Hetland

tlf. 911 63 039

Administrasjonleiar:

Elisabeth Obrestad

tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:

Jostein Aa. Tollaksen

tlf. 909 88 880

Trusopplærar: Eline Fosse (vikar)

tlf. 454 83 455

Soknerådsleiar: Ola Undheim

tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espevik

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen

tlf. 466 56 825

Lye forsamlingshusHeimeside: www.lyeforsamlingshus.no**Undheim**Heimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje

tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø

tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten

tlf. 908 10 346

Ungdomsarbeidar Eline Fosse

tlf. 454 83 455

Kyrkjetenar: Hans Undheim

tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark

tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårland

tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.noBryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.noUndheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Kjære lesar!

Nå sit du igjen med Helgedagen i hendene! Kvar dag får me informasjon om å takla dagane våre korrekt etter gjeldande restriksjonar. Pandemien er ein dagleg fylgjesvein. Gudstenester og arrangement som Helgedagen innbyr til kan dermed verta avlyste. På heimesida www.timekyrkja.no vil de finna informasjon framover. Men la så langt Helgedagen vera eit handtrykk frå kyrkja i denne tida.

Kyrkjelydane i Time ynskjer alle ei velsigna påskehelg!

Bryne, Lye, Time og Undheim kyrkjelyd.



Framsida. "Dagen i dag", biletevev av Ingrid Vinningland - på Kyrkjetoget i Timekyrkja. - Foto: Frode Skårland

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad og Arnfinn Vigrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 26.mars

Påskeandakt 2021

Då eg var ungdom i Haugesund, var ei av dei store årshendingane for meg Påskeleiren i Sauda. Me tok bussen frå Haugesund fredag før palme-søndag, og om kvelden knødde me oss inn på yrkesskulen i Saudasjøen, 100 ungdommar med skistøvlar, solkrem og høge forventningar.

Me låg på harde liggeunderlag i rom som lukta olje og maskinar til å begynne med, og etter kvart sterkare og sterkare kroppsdør frå hormonsprengde tenåringar. Me var ikkje der for å sova, men for å gå på ski, herja med kvarandre, sjå på dei fine jentene, og gjera alt det som ungdommar skal gjera.

Men det var jo ein leir med kristent innhald, det var skulelaget som arrangerte, og me hadde bibeltimar kvar dag. Det kunne vera ganske aktivt på det åndelege planet, og mange ungdommar kom i kontakt med trua si, med påskebodskapen, med Jesus. Skjærtorsdag gjekk me i flokk og følgje inn til Sauda kyrkje for å vera med på nattverdsgudsteneste. Kyrkja var sprengfull, og var me heldige, fekk me eit glimt av Bjørn Eidsvåg som var heime på ferie. Men me såg like langt etter kven av oss som vågde seg fram til nattverdbordet. Kan hende gjekk det nokon for første gong. Det var sterkt. Det var mykje tårer og klemming. Dagen etter hadde med vitnemøte før me pakka saman og drog heim, stuptrøyte.

Slik var påsken min i heile ti år. Det var ei flott tid meg mykje gode minner. Og alltid var høgdepunktet skjærtorsdag med nattverden. I attersyn var jo det

litt rart, all den tid høgdepunktet i påska er påskemorgon. Men kan hende me fekk med oss noko av set viktige likevel. Eg skal på ingen måte ta fokus bort frå påskemorgon. Jesus sin død på krossen og oppstode tredje dagen er fundamentet i kristentrua. Men på skjærtorsdag får me del i det heile. Jesus tek oss med seg, inn i påska, inn i hendinga. Påskedramaet vert noko som me

«Men me såg like langt etter kven av oss som vågde seg fram til nattverdbordet. Kan hende gjekk det nokon for første gong. Det var sterkt. Det var mykje tårer og klemming».

ikkje berre observerer, men som me har del i. Me er ikkje lenger tilskodarar – det vedkjem oss, fullt og heilt!

I dåpen vert me døypte til hans død og oppstode. I nattverden skjer noko av det same: Hans død – min død. Hans oppstode – mi oppstode. I nattverdmåltidet vert

me eitt med kvarandre og med Han, Jesus. Det skjer på eit mystisk og kraftfullt vis som me ikkje må gløyma eller gøyma. På tross av oss sjølv, vår vaklande tru og våre haltande liv. På tross av alt gale me kan peika på både hos oss sjølv og kvarandre: Me vert eitt med Han og med kvarandre. Kan noko ta det vekk frå oss?

I Sauda vart me kjempeglade når nokon gjekk fram til nattverden for fyrste gong – me såg det som ei overgjeving, som ei vedkjenning. Og det var sant. Men i dag vil eg leggja endå meir vekt på det me får i nattverden, det som Herren gjer med oss. For større enn vår vedkjenning og overgjeving, er Herrens gåve til oss: Nåde og fellesskap.

God Påske!



PROST LARS SIGURD TJELLE



Stille hver natt

*1 Stille hver natt
ror vi vår båt
frem mot de gylne stunder,
da alt som er,
sitrer av fryd,
like før dagens under.*

*2 Drømmer og håp,
lengsler og gråt
fører vi med på ferden,
inntil vår jord
mottar fra Gud
lyset som favner verden.*

*3 Båten når land.
Hør, hvilken sang!
Dagen er her, vær rede.
Alt som er skapt,
himmel og jord,
hilser Guds sol med glede.*

T Eyvind Skeie 2007
M Per Aamodt Tveit 2006

Jeg ble kjent med denne korte salmen da vår eldste datter ba vår eldste sønn lage melodi til den. Og den ble brukt i barnedåp hos dem begge. Senere har de hatt den som fast kveldssang for barna. Først etter en tid ble vår sønn kjent med Tveits melodi som står i salmeboken. Slik ble jeg kjent med salmen, og jeg spilte den omtrent hver kveld på flygelet og sang den mye hjemme. Den er også viktig for oss da både vi og den eldste datteren vår har mistet hvert vårt barn. Nettopp derfor fikk vi et spesielt forhold til sangen.

En forunderlig og fantastisk salme av Eyvind Skeie. At Gud vil møte oss akkurat der vi er. At han er med i våre drømmer og lengsler, men også at han er med i sorgen og gråten! At han er med i våre hverdager slik de er. At han virkelig bryr seg om å være sammen med oss, på tross av vår tilkortkommenhet og vår egoisme.

Alt det vi bærer med oss som gikk i stykker, ser han. Men han ikke bare ser, Han vil også gjøre noe med det. I Guds lys ser vi Herren, og han kan! For hos deg er livets kilde, i ditt lys ser vi lys (Salme 36.10).

Han kan ta seg av våre brutte relasjoner og våre nederlag. Han ikke bare kan, men han vil! Han er der, midt i mørket og nederlagene vi ofte kjenner på – han tar imot når vi er oppe, men ikke minst når vi er nede – når vi faller. Fordi han bryr seg, fordi han vil ha oss inn i det sanne lyset som er Jesus selv.

Og til slutt – båten som når land! Sangen og gleden som startet her, fortsetter inn i Guds himmel, inn i Guds glede og godhet. Inn i Guds nærvær! Der får vi være med livene våre – fordi han ga sitt for oss!

Reidun Gravdal



Velkommen til Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2021

Program (14. mars og 11. april)

Kl.18.00: Ringleik & allsong, og kaffi og drøs i kyrkjestova

Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

6.mai blir det grillfest!

Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

Ser deg i kyrkja! Helsing frå
Torunn, Siri, Kari, Zahara, Trond og Praxedes



Snart påske 2021

Det lid mot påske 2021. Eit heilt nytt påskeord dukkar opp i tanken: «pandemi-påske». Dermed fylgjer tankerekkene om restriksjonar og usikkerhet. Spørsmåla har vore og er store politiske tema kvar dag, og me ser og høyrer på alle kanalar. Skal kyrkjedøra vera stengd eller halvopen? Kan me bruka påskeferien slik me har gjort før, besøkja familie og vener, reisa til hytta osv.

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Eg stansar ved det første: ei stengd eller halvopen kyrkjedør. Ja, - men me har radio og TV. Me får høyra både påskeevangeliet og salmane, men ikkje vera med i fellesskapet. Får ikkje oppleva gleda i gudstenesta, songen, nattverdbordet. Då treng eg minna meg sjølv om at akkurat dette opplever ein uteljande flokk kristne alle sine dagar og år. Dei kan ikkje samlast. Det er forbode, dei kan ikkje utan fare vedkjenna seg trua på Jesus. Til og med innan familien kan grensene gå. Dette overgår mi fatteevne, - eit liv som einsam kristen! Gjennom radio og TV får mange av desse del i eit fellesskap, lyttar og ser på same vis som me gjer nå. Kristne radiokanalar og SAT-7 (eit kristent nettverk med 4 kanalar som dekkjer språkområda arabisk, persisk og tyrkisk) har store lyttar- og sjåarskarar i Midtausten, frå Marokko til Afghanistan. Bare blant arabiske folkeslag er det nå omlag 25 millionar som fylgjer TV-sendingane til SAT-7. Det fortel at dei fleste med tilgang til programma ikkje er medlem i ei kristen kyrkje.

Det har alltid vore små resultat av misjonsarbeidet i Nord Afrika og Midtausten. Då kristne menigheter i desse områda for år tilbake fekk større og større problem med å samlast p.g.a. mange restriksjonar, bestemte dei for 25 år sidan heller å «gå heima» til folk via TV-skjermen. Det har dei sidan

gjort. Konsekvensen er at kristne kanalar nå når ut og heim til langt, langt fleire enn dei kunne nådd innan kyrkjeveggar. Programma er allsidige og tilrettelagde for alle aldersgrupper. Kristen forkynning via eteren fører folk til tru, og Bibelen er nå ei etterspurd bok i desse landa. Bibelselskapa melder at dei strevar med å dekkja bestillingar på biblar både for vaksne og born.

Påskeferien.

I Norge har me eit heilt galleri av påskeord, og først kan me setja **påskeferien** og ei rekkje påskeord relaterte til den: **påsketur**, **påskevêr**, **påskebrun**, **påkegodt**, **påskekylling** osv. Tanken på dette fører meg til Kamerun i Vest Afrika og mange års misjonærlev. Der er

slike ekstra påskeord heilt ukjende. All aktivitet ved dei store høgtidene var sentrert om kyrkja, om kunnskapen til det som er grunnen til høgtida. Dei er «førstekristne» på sin stad, og det er Bibelen si forteljing, og bare den, som er årsak til påske på dagsorden. Frå palmesøndag, med friske palmegreiner som symbol, fylgde menighetene Jesus til Getsemane og gjennom lidingane langfredag. Det var «Den stille veka». Påskemorgon starta tidleg med song og jubel og dans. «Påskemorgen slukker sorgen». Endringar i dette kjem gjerne dit også med åra, om ikkje akkurat påskesnø vert sentralt.

Tilbake til her og nå. Me må ikkje klaga og kyta. «Ei stille veke» vert gjerne også vår del år 2021.



**Det syng så vakre tonar
gjennom kvelden når Himlens
Herre samlar ljuset inn.**

TEKST: OLAV MOSDØL FOTO: KRISTINE BYBERG

Påskefeiring i Syria

Syrisk-ortodokse ungdommar fortel om påskefeiring med stort engasjement. Å delta på gudsteneste kvar dag i påska - ja, gjerne fleire gonger om dagen, i mange timar, er det normale for kristne i Syria. Dei har gjerne ikkje fri frå skule og jobb meir enn to dagar i påska.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD FOTO: PRIVAT

Helgedagen møter Sulaiman og Jan Nader som er elevar ved Bryne vidaregåande skule. Mor Rana er òg med i samtalen for å støtta gutane når dei ikkje hugsar alt like nøye. Gutane har vakse opp i Damaskus. Dei har budd i Noreg sidan 2015.

Faste er tida før påske og varer i 40 dagar. Markerer de fastetida?

– Å, ja, spesielt for eldre er det ei viktig tid, men mor fastar og. Farmor til dømes et berre olje, salt, brød og grønnsaker heile fasten. Ho går nesten kvar dag i kyrkja, fortel Sulaiman.

– Til oss lagar mor enkel mat – ris og grønnsaker, legg Jan til. Måndag i starten av fasten er det gudsteneste, og alle får teikna ein kross i panna med olje.

Reiser de bort i påska?

– Nei, vi reiser ikkje bort. Vi har ikkje påskeferie slik som i Noreg. Vi er saman i kyrkjelyden og med storfamilien.

Korleis blir sjølve påskedagane feira i kyrkja?

– Palmesøndag startar med gudsteneste kl 9 om morgonen, seier mor.

– Alle pyntar seg, barna har med seg stearinlys som er pynta med olivenkvistar og blomar, seier Sulaiman.

– Gudstenesta varer i tre timer, så barna får springa litt ute, seier Jan mens han ler.

På slutten vert barna henta inn, og



Sulaiman og Jan Nader

dei går fram til presten som ber for dei. Så går alle ut av kyrkja. Barna med lysa sine og dei vaksne med lys dei får i kyrkja. Først i toget går gutar som slår på trommer. Prosesjonen går tre gonger rundt kyrkja.

– For Faderen, Sonen og Den Heilage Ande, føyer mor til.

Skjærtorsdag har feiringa spesielt fokus på dei tolv læresveinane som åt saman med Jesus, fortel mor.

– Det er kveldsgudsteneste med nattverd, som varer i mange timar, fortel Suleiman.

– Og det er skodespel om lære-

sveinane, og det vert lese om dei frå Bibelen, legg mor til.

Etter gudstenesta inne er det nytt skodespel ute.

– Ein mann med langt hår som likna på Jesus blir hengt på ein stor kross. Barna er med og ser på, men ein spikrar ikkje gjennom hendene slik dei gjorde med Jesus, seier Sulaiman.

Langfredag er det kveldsgudsteneste. Ei svart kiste med blomar oppå er plassert inne i kyrkja, forklarar mor, og ein stor kross med ei svart sløyfe rundt, står fremst i kyrkja. Menneske står

rundt krossen medan dei græt og ber.

Denne dagen har ein òg skodespel som viser hendingar frå teksten. Som avslutning vert kista boren ut av kyrkja til lågt, trist trommespel. Prosesjonen går også i dag tre gonger rundt kyrkja – for den treeinige Gud. Menneska får etter kvart blomane som ligg på kista. I kveld er det berre få lys.

Påskeafta er «lys laurdag» på arabisk.

– Denne morgonen er det litt lysare stemning, seier mor.

– Vi møtest til gudsteneste klokken ni. Fasten er over og alle får brød av presten.

Om kvelden møtest kyrkjelyden igjen til ei kort midnattsmesse. Den svarte sløyfa vert teken ned frå krossen, og ei kvit sløyfe vert hengt opp. Alle ber lys.

Dei vaksne får denne kvelden med seg heim egg til barn og barnebarn. Desse egga har tilsette i kyrkja dekorert.

– Eg hugsar så godt farmor som tok egg opp frå lomma si og gav til meg, mimrar Sulaiman.

1. påskedagsmesse – alle er glade, har finkleda på, og dei ønskjer kvarandre «God Påske». Ved utgangen deler dei tilsette ut sjokolade og ønsker alle «God påske!»

Om morgonen denne dagen klemmer og kysser barna foreldre og andre vaksne og helsar God påske!

– Barn får pengar i gåve og kan kjøpa godteri, seier Jan. Storfamilien går på besøk til kvarandre til langt på natt. På første påskedag et dei gjerne kvit mat – risdessert med smak av pistasjenøtter og rosevatn.

Påskeleik som er vanleg blant barn.



Påskepynta stove i Damaskus



Dekorerte egg er viktig i syrisk påskefeiring

– Eg gøymer eit av egga eg har fått inni handa, kakkar så toppen mot egget til motstandaren. Om mitt egg vert knust, har eg tapt, seier Jan, og då må eg eta egget.

1. påskedag eller 2. dag feirer dei kristne Jesu oppstode med tog i gatene. Her er det mange som kler seg ut i fantastiske kostymer, spelar kristen musikk, syng og dansar – som eit folketog på Jæren.

Eg spør om dei har påskesongar og salmar. Dei stemmer i og syng. Dei syng blant anna ein nydeleg song på arameisk. Dumt me ikkje har lydfiler til Helgedagen!

Pyntar de til påske heime?

– Ja, fint dekorerte egg og sommar-



Sommarfuglar er symbol på nytt liv

fuglar er viktig påskepynt i Syria – begge to er symbol på nytt liv, seier Sulaiman.

Gult og grønt er påskefargane hos dei som hos oss. Grøne kvistar vert tekne inn i huset. Egga er kunstferdig dekorerte både med kristne symbol og med symbol som er populære blant barn.

Når eg høyrer desse tre fortelja om påskefeiring i Syria, kjenner eg at det er verdifullt å læra om korleis andre lever ut trua si. Eg vert igjen minna på kor viktig det er at me igjen i 2021 lar påskebodskapen få rom hos oss.

Takk til Sulaiman, Jan og Rana og God Påske!

Så syt då ikkje for morgondagen

Det store blikkfanget som møter oss når me kjem inn gjennom døra til Kyrkjjetorget ved Timekyrkja, er Ingrid Vinningland sitt store bilete “Dagen i dag”. Eit imponerende stykke biletvev! På mange kyrkjekaffiar har dette flotte teppet vorte omtala og beundra!

TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

Helgedagen har fått prata med handverkaren, Ingrid. Sidan teppet i dette påskenummeret også skulle vera på framsida av bladet, var det interessant å få høyra om bakgrunnen og prosessen.

Ingrid Vinningland har vore bondekone på Time-garden nær kyrkja, og ho har såleis hatt mangt å gjera og stella med. Veva har ho gjort lenge, i 50 år. I 40 av desse har ho òg hatt elevar. Nokre av desse elevane har vorte så interesserte og ivrige at dei vil ikkje slutta!

Ingrid har vove svært mange teppe. Alle veggene i vevstova hennar er fylt til nesten siste centimeter av teppe i ulike storleikar, fargar og teknikkar. Der er mykje godt for augo!

Ho vart kjend for vevbileta sine, og det var vel også grunnen til at Willy Finnbakk tok kontakt då Kyrkjjetorget var ferdig og venta på utsmykking. Først sa Ingrid nei, det var for mykje å ta på seg. Men så var det slik at «fantasien er større enn forstanden», seier Ingrid. Hovudet hennar var i gang med ein gong. «Syt ikkje for livet. Sjå på fuglane i lufta og

liljene på marka. Så syt ikkje for morgondagen. Morgondagen lyt syta for seg».

Det var snakk om tre små bilete eller eitt stort, og Ingrid fekk viljen sin: Det måtte bli eit stort! Ho fekk i det heile bestemma alt over biletet sjølv, motiv, fargar og tekst. Ho fortel at Tore Norheim hadde eit ønskje: – Du må veva noko me forstår! – og slik vart det.

Første påskedag, 23. april 2000, vart biletet overlevert – med stor stas. Mykje arbeid skulle gjerast før den dagen!

Ingrid trong nokre månader på førebuing og tankeverksemd, og totalt brukte ho eitt og eit halvt år på arbeidet. Ho hadde ikkje laga eit så stort bilete før, 120x220 cm. Vevstolen måtte justerast for eit så stort arbeid. Ho var glad at ho heldt på med eit anna stort bilete, Baldisholteppet, då førespurnaden kom, slik at ho hadde fått noko trening på større format.


Det vart mykje tankeverksemd før ho kunne starta vevinga. Ho fekk laga seg ei stor plate på



Ingrid Vinningland sitt store bilete på Kyrkjjetorget

veggen, trekte henne med eit strekklaken, og teikna og flytte motiva med nåler. Det vart tidleg bestemt at det måtte vera ein jærsk steingard med på biletet. Då tok ho utgangspunkt i eit foto av ein steingard som mannen hadde lødd. Steinane vart òg ei utfordring å få liv i då ho skulle veva dei.

Våren ville ho ha med, og påskeliljene utanfor steingarden. Dei skulle ikkje vera på rad som i ein hage, men som ville, frie – «liljene på marka». Pløyge åkrar måtte med, men naken skog, sidan det var tidleg vår. Vipa måtte sjølv sagt vera med! Måkane er her «fuglane i lufta». Bakgrunnen vart ikkje hav, sjølv om det var Jæren, men fjella mot nord. Det høvde betre med fargevalet.



Detalj frå borda på begge sidene av teppet
Foto: Frode Skårland

Ingen fargar var bestemte på førehand - dei kom til etter kvart. Kristus-figuren fekk mellom anna tynne sølvtrådar, i og rundt seg – som teikn på liv. Skyene vart ei utfordring å veva, sidan teppet er vove sidelengs.

Bordene på sidene har kristne symbol, som Guds hand i skya, dua, fisk, brød og vin, kornband og grøne blad. Blada symboliserer vekst. Fargane går her frå luftfargar rundt handa øvst, via blåfargar mot det blågrøne rundt fiskane og grønt rundt kornbandet nedst.

Innskrifta kjem tydeleg fram og er lett å lesa. Mormor til Ingrid var sydame på Kverneland, og ho hadde ei bok med monogram.

Her fann Ingrid dei bokstavtypane ho ville ha.

Sjølv for ein ukjend i faget, med berre eit lite innføringskurs i teknikken biletvev, anar me at dette biletet må ha skapt store utfordringar undervegs - som Ingrid har løyst på ein meisterleg måte. Det var òg eit arbeid som har gjeve henne mykje glede undervegs, som det var gildt å veva, og der ho fekk bestemma alt sjølv. Ho var ikkje nervøs for utfallet, for dersom det ikkje vart bra, ville ho ikkje levera det. Det vart godkjent! – Det var ei ære å bli spurd, seier Ingrid.

Neste gong du er på Kyrkjetorget, så ta ein ekstra kikk på teppet. Du oppdagar sikkert detaljar du ikkje har lagt merke til før!



Ingrid i vevstova heime

Vanuatu 2021 «Bygg på fast grunn»

Kvinnernes internasjonale bønnedag blei starta av kvinner i USA i 1887. Bakgrunnen var nauda dei såg blant immigrantar og etterkomarar av slavar. Kvinner frå ulike kyrkjesamfunn samla seg derfor om ein felles bønnedag for desse. Nokre år seinare blei det fokus også på globale utfordringar, og i 1920 vart norske kvinner med i denne bønnelenka.

I dag har bønnedagen komitéar i meir enn 170 land og regionar. Ynsket er å knyta ulike etniske grupper og tradisjonar saman i eit tettare fellesskap, for å stadfeste si tru på Jesus Kristus og dela håp og uro, gleder og sorger.

Dette året er temaet «Bygg på fast grunn», og me får programmet frå Vanuatu. Namnet er sikkert ganske ukjent for dei fleste. Om turisme er ei viktig næring for denne øystaten, er avstanden frå Norge lang.

Vanuatu finn me i den sørlege delen av Stillehavet. Landet består av 83 øyar med fjellandskap og mange vulkanar. Koloninamnet var Ny-Hebridene. Folketalet er ca. 300.000.

I denne bønnelenka har også me i Time vår plass fredag 5. mars. Velkomen! (sjå annonse)




Kvinnernes internasjonale bønnedag – fredag 5.mars

**Program fra Vanuatu-
«Bygg på fast Grunn»**


Fotland bedehus kl 14.00
Andakt – Margit Hunemo
Song – Kari Nævra Ree

Bryne kyrkje kl. 19.00
Andakt – Terese Bue Kessel
Song - Shalom



Stevnemøte med salmeboka

I 2019 kom denne boka av Vidar Kristensen. Eide forlag har denne presentasjonen:
- Boka har en innledning til hver eneste salme i Norsk salmebok 2013. Den gir hjelp til å åpne tekstene så en forstår mer av budskapet i salmen, men den gir også hjelp til å sette salmen inn i en større sammenheng.



Om påskesalmen **Å salige stund uten like** skriver Vidar Kristensen:

– I denne salmen er det Maria Magdalena som fører ordet. Da Johan Halmrast skrev teksten (1899), satte han som overskrift «Maria Magdalenas jubel». Det er ikke mange tekster i salmeboka der ordene er lagt i munnen på en bestemt person. Halmrast skrev teksten da han var 24 år gammel. Han har levd seg inn i Maria Magdalenas tanker og følelser like etter at hun møtte Jesus utenfor den tomme graven. Hun tok han først for å være en gartner, men da han sa navnet hennes, skjønte hun straks hvem det var. Og så jublet hun: «Han lever, han lever ennå!»

*Å salig stund uten like,
Han lever, Han lever ennå!
Han vandrer i seierens rike,
Min sjel, hvorfor sørger da du?
Han er ikke lenger i graven,
hvor bleknet i døden han lå
Jeg levende så ham i haven,
og aldri så skjønn jeg ham så.*

*Han lever og jeg skal få bringe
Hans venner det salige ord
Tenk, jeg som er ringest blant ringe,
Den minste han kjenner på jord,
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,
Å kunne jeg synges det ut!
Mer kunne ei engler begjære
enn gå med så salig et bud.*

*Å salige stund uten like,
Han lever, Han lever ennå!
Han vandrer i seierens rike,
Min sjel, hvorfor sørger da du?
Du søkte din trøst i den døde,
og dvelte ved gravnatten kun!
Så fikk du den levende møte,
Å salige, salige stund.*



Helgedagen vil dela denne bønna med lesarane, Bøneboka i Norsk salmebok nr. 161

161 Løfte om oppstandelse

Vår Herre og Gud, vi takker deg for at din Sønn har seiret over døden, og for løftet om at han vil vekke oss opp til nytt liv på den siste dag. Gi din kirke kraft til å tale livets ord i dødens verden, så alle kan komme til tro på ham som er oppstandelsen og livet, Jesus Kristus, din Sønn, vår Herre, som med deg og Den hellige ånd lever og råder, en sann Gud fra evighet og til evighet.

Etter Gustav Jensen (1845-1922)



Mellom Hellvik og Vestlandske hovudveg går vandranga til Ogna i den flotte naturen. Då gjeld det å ha gode sko. Foto: Marit Firmland.

Bli med å gå Egersund – Stavanger på to år

Har du ein draum om å gå kystpilegrimsleia frå Egersund til Stavanger? Me er så heldige å ha ein nasjonal pilegrimsveg i vårt eige nærmiljø. Den vil pilegrimsutvalget på Jæren no invitera deg med på.

TEKST: REIDUN GUDMESTAD

Vegen ligg berre og ventar på at me skal ta den i bruk. Den fylgjer stort sett kystlinja og gir mulighet til stopp ved fleire middelalderkyrkjer. Det finst ulike måtar å vera jærpilegrim på.

Du kan altså hiva deg på pilegrimsutvalget sin invitasjon til å vera med oss å gå dei 11 mila over to år. Me har delt vandranga inn i

ni etappar. Du kan vera med oss på alle, eller vera med på nokre etappar og ta resten på eiga hand.

Turane våre er ikkje lagt opp heilt kronologisk frå start til mål. Etappen frå Egersund til Ogna er blant anna nummer to, lagt til juni då me har eit samarbeid med pilegrimsutvalget i Egersund. Olsok går me til Varhaug gamle

kyrkjegard for å vera med på gudstenesta der.

Vandringane i år er:

5. april: 2. påskedag, Ogna Kyrkje til Kvassheim fyr.

6. juni: Egersund kirke til Ogna kyrkje. Dette er den lengste etappen på om lag to mil. Arrangementet er i Samarbeid med pilegrimskomiteen i Egersund.



Den nasjonale pilegrimsvegen, Kystpilegrimsleia, startar ved Egersund kirke. 14. juni 2020 gjekk 40 pilegrimar herifrå til Ognakyrkje. Foto: Marit Fimland.



I juni blomstrar det langs pilegrimsvegen. Foto: Marit Fimland.



Det gamle pilegrimsmerket, kamskjellet, møter du alt på døra inn til Egersund kirke. Her har det vore pilegrimar før. Foto: Reidun Gudmestad

24. juni: Jonsokdagen, Varhaug gamle kyrkjegard til Hå gamle prestegard.

29. juli: Olsok, Hårr til Varhaug gamle kyrkjegard.

3. oktober: Hå gamle prestegard – Orre gamle kyrkje.

Neste år planlegg me å gå Orre gamle kyrkje til Bore. Bore til Hellestø. Hellestø til Sole ruinkirke. Sola Ruinkirke til Stavanger domkirke.

Vandringa mellom Egersund og Hellvik er den lengste på rundt to mil. Tykkjer du det er for langt, går det an å avslutta på Hellvik og ta toget tilbake, eller starta på Hellvik når fylgjet kjem forbi. Dei andre etappane er på rundt ei mil. Den siste frå Sola til Stavanger er rundt 15 kilometer.

Dagsorden

Me startar og sluttar gjerne vandringa med tidebønn, og

kjem også til å gå delar av vegen i stillhet. Me vonar også å få med oss kjentfolk på fleire av vandringane. Matpakke og gode klede og sko er sjølvsagt. Det blir meir opplysningar om til dømes tidspunkt og oppmøte på Facebook og i Jærbladet. Ta gjerne kontakt med Ola Undheim (tlf 90858793) om du lurar på noko.

Korleis kjem eg fram?

Til Egersund er det fint å koma med toget, og gjerne ha ein bil ståande på Ognakyrkje, eller ta toget heim etter vandringa. På andre etappar kan det vera lurt å avtala med nokon andre og ha ein bil i kvar ende.

Alternativ

Det finst også andre måtar å gå Kystpilegrimsleia over Jæren på. Pilegrimsutvalet i Stavanger bispedømme inviterer kvart år til ei langvandring med overnattingar. I

år blir det i starten av august. Du kan også gå heilt på eiga hand i etappar, eller i eitt med overnattingar. Det finst ei bok med tips for ei slik vandring, Kystpilegrimsleia – fra Egersund til Trondheim av Margun Pettersen.

Klepp og Gjesdal

I år ønskjer pilegrimsutvalet også å invitera til ei pilegrimsvandring i Gjesdal og ei i Klepp. I august/september vil me vandra til Gjesdal kyrkje. Nærare informasjon om startpunkt og tid kjem.

2. pinsedag planlegg me vandring frå Klepp kyrkje til gudstenesta på Krosshaug. Familiar kan gå frå Særheim. Etter gudstenesta blir det eit kort opplegg med fokus på Lunderkjelda på Tu.

Me i pilegrimsutvalget på Jæren vonar at du vil bli med oss på vandring i 2021.

Babysong

Me håpar at me snart kjem i gong med babysong og opne barnehagar i kyrkjelydane våre.

Time: På Lye forsamlingshus har me babysong som ein del av tilbodet til Lykkeliten open barnehage. Så snart det er mogleg opnar me for samlingar onsdagar i partalsveker. Info vert lagt ut på kyrkja si nettside og facebooksider. www.timekyrkja.no

Undheim: I Undheim kyrkje er det og open barnehage kvar onsdag kl 10-12, og denne vert og opna så snart det er mogleg. Her er det babysong annankvar onsdag i oddetalsveker. Info vert lagt ut på kyrkja si nettside og på facebook. www.undheimkyrkja.no

Bryne: Me startar opp med babysong i Brynekyrkja annankvar torsdag så snart det vert mogleg. Informasjon vert lagt ut på kyrkja si heimeside www.brynekyrkja.no, og på facebook.

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



Førsteklasses

Me håpar å kunne ynskja 1. klassingane velkommen til kjekke samlingar etter skuletid eller på kveldstid i vekene mellom vinterferien og påskeferien.

Gjennom «Førsteklasses» ynskjer me at «Barna skal få møte med trua gjennom undring og oppleving, leik og læring. Me skal høyra bibelforteljingar, laga noko fint, leika og eta i lag. Viss alt har gått etter planen, så er invitasjonar sende ut. Viss nokon ikkje har fått invitasjon, kan ein gå inn på nettsidene våre og finna info der.



Gudsteneste med påskedrama

I Time kyrkje har me planlagt ei annleis gudsteneste på palmesøndag, der me går gjennom hendingane i påskeveka gjennom song, tekst og drama.

Lye barnegospel vert med og 4. klassingane vert spesielt inviterte til å delta på dette, dersom det vert opna for større samlingar enn det er i dag.

Øving i Time kyrkje

27. mars kl. 10-12

Gudsteneste i Time kyrkje

28. mars kl. 11

Pinsefart

Kva har ballongar og popkorn med kyrkja og Gud å gjera? Kor vart Jesus av etter Kristi himmelfart, og kor er han no? Og kven har bursdag i pinsen?

Gjennom tre spennande samlingar med leik og aktivitetar både ute og inne, skal me få svar på nettopp desse spørsmåla. Viss smittesituasjonen tillet det, vil me invitera 2. klassingar til å vera med



og læra om Kristi himmelfartsdag og Pinsen som me feirer i kyrkja. Invitasjonar vert sende ut.

På sporet av Jesus

Alle 4.-klassingane får invitasjon til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje 12. juni kl 12.00-15.00. Her vil dei få møte kjende personar frå bibelforteljingane i det nye testamentet. Ut frå det dei fortel vil me finna meir ut om korleis Jesus møtte folk og kven Jesus er. Til slutt avsluttar me med tacofest. Me håpar og trur at smittesituasjonen

er slik at dette kan gjennomførast slik me har planlagt. Velkommen til ein kjekk og spennande dag i kyrkja!

Bli trusopplæringsabonnent

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen 



«LAUST OG FAST»

Våren 2021 i kyrkjekjellaren Undheim kyrkje

Onsdagar kl. 14.00–16.00

24. mars og 21. april

Hjarteleg velkomne, pensjonistar og andre som tida høver for.

Arr. «Laust og Fast»-komitéen

Kvar av kyrkjelydane i Time kommune får overført pengar til drift av arbeidet frå kommunen, men det er på langt nær nok til å driva eit godt barne- og ungdomsarbeid.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

Det offentlege støttar ein del av trusopplæringa, men ikkje alt. Kommunen bidreg i tillegg med noko driftsstøtte til lag og foreiningar. Viss ein ser på kor mykje pengar kyrkjelydane brukar inn mot arbeidet for born og unge, er det lite av dette som kjem frå statlege og kommunale budsjett, så derfor er gjevartenesta viktig og nødvendig.

Den kristne trua vert ikkje automatisk overført til nye generasjonar. Born og unge treng å møta ei levande tru, varme kristne menneske som kan vera vegvisarar. Oppgåvene og utfordringane er mange, og derfor har kyrkjelydane hug å gjera meir enn det dei kan med dei kommunale midlane. Gjevarteneste er stikkordet. Kyrkja treng folk som ser at dei kan bidra, med dugnad, frivillig arbeid og/eller pengestøtte. Helgedagen tok kontakt med Bryne, Time og Undheim sokn for å få vita meir om gjevartenesta i dei ulike kyrkjelydane.

Jostein Tollaksen, du har ansvar for gjevartenesta på Bryne. Korleis vert pengane brukte og kva planar har kyrkjelyden?

Vi har mykje bra trusopplæring i kommunen og trusopplæringsplanen sikrar ei systematisk og samanhengande trusopplæring frå 0-18 år. Kyrkjelyden bruker pengar frå gjevartenesta inn i dette arbeidet, men me ønskjer sterkt å kunna fått gjort meir, spesielt for aldersgruppa 15-18 år. Dette er vanskeleg å få til utan fleire støttespelarar som gjennom gjevarteneste, frivillig innsats og bøn er med og tek ansvar.

Me er svært takksame for dei 557.300 kronene som vart gitt til arbeidet i Bryne kyrkjelyd i 2020. Desse midlane er kjærkomne for at me skal kunna driva eit godt barne- og ungdomstilbod i kyrkjelyden!

Anna Bergitte Skårland, du har ansvar for Time Sokn og gjevartenesta der. Korleis har 2020 vore for det frivillige arbeidet i soknet?

Det har vore eit spesielt år me har lagt bak oss. Koronaen har prega oss alle og det kyrkjelege arbeidet me står i. Men det er utruleg kjekt å sjå og oppleve kor kreative dei som driv arbeidet for born og unge har vore. Dei har klart å snu seg rundt og skapa møteplassar på heilt nye måtar. Fysiske samlingar og samkome er flytta inn på sosiale media, og det har fungert utruleg godt. Det ser me særleg i ungdomsarbeidet på Lye. Koronaen har heller ikkje klart å stagga trusopplæringa, takka vera ein trusopplærar som er kreativ og ser løysingar. Alle born som er døypte, får med jamne mellomrom tilbod om å få vera med på spanande og kreative samlingar med Jesusfokus.

I 2020 har det kome inn 387.000 kroner gjennom gjevartenesta – noko me er set umåteleg stor pris på. Pengane er avgjerande for at me skal kunna gje eit godt tilbod til arbeidet blant born og unge i kyrkjelyden.

Frode Skårland, du er dagleg leiar for kyrkjelyden på Undheim. Kan du seia litt om gjevartenesta i Undheim sokn?

Det første eg vil seia om gjevartenesta i Undheim sokn, er TAKK. Hadde ikkje kyrkjelyden vore så rause med både pengar og frivillig innsats, så hadde me ikkje kunna drive kyrkjelyden slik me gjer! Gjevartenesta på Undheim dekte i 2020 til saman 105% stilling. 50% av desse midla gjekk til prestestillinga, medan 55% gjekk til å støtta ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Dette kjem i tillegg til det kyrkjelyden gav av støtte til trusopplæringa.

Bryne, Lye og Undheim har eit godt samarbeid om trusopplæringa. Dei statlege overføringane dekkjer ikkje

alt, så sokna bidreg økonomisk slik at me kan halda oppe den aktiviteten me har i dag. I 2020 kom det inn 396.800 kroner gjennom gjevartenesta på Undheim.

138 gjevargar har i desse tre sokna vore med i eit viktig arbeid – å gje den oppveksande slekt eit fundament og innsikt i den kristne trua. Over 1,3 millionar kroner har desse gitt til arbeidet i sokna – noko Jostein Tollaksen på Bryne, Anna Bergitte Skårland i Time og Frode Skårland på Undheim vil retta ein stor takk for - til kvar enkel gjevar! Desse pengane er nødvendige og avgjerande for at sokna skal kunna driva eit så omfattande og rikt barne- og ungdomsarbeid i kommunen vår!

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne
kto.nr. 3325.25.07057

Barne- og ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3290.58.78041

Trusopplæringa i Time
kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr. 3325.25.09270

Stikk innom vår heimeside
www.timekyrkja.no

GRØN DAG i Kyrkjeparken ved Undheim kyrkje

Laurdag 8. mai kl 11.00-13.30

Det spesielle året 2020 har gått over i historia. Året 2021 har kome til oss med nye muligheter. Ingen veit korleis vinteren og våren vert, men nokre av oss som er med i NMS -forening har bestemt at me vil arrangera GRØN DAG i Kyrkjeparken ved Undheim kyrkje. Inntekta skal gå til NMS. Her vert det sal av mange forskjellige grøne plantar for utplanting i hagar og på balkongar. I tillegg sal av av kake og kaffi m.m. Me kan nyta det heile i frisk luft, eller gå inn i kyrkjekjellaren. Me vil sjølvsagt følgja FHI sine gjeldande smittevernreglar.

Arr.: Representantar for NMS foreningar i Time



FORANDRE. FOR ANDRE.



Foto: Kyrkens Nødhjelp

Årets Fasteaksjon er viktigare enn nokosinne

Ingen barn skal måtte drikke skittent vatn.
Likevel må 785 millioner mennesker gjere det kvar dag. La oss bidra til ei meir rettferdig verd saman.
Støtt årets fasteaksjon, 21.- 23.mars 2021.

- Vipps til 2426
- Dør-til-dør (dersom smittesituasjonen tillèt det)
- Innsamlingsaksjon på Facebook
- SMS med kodeord VANN til 2426 (dette trekker 250 kr frå avsender)

TUSEN TAKK FOR AT DU FORANDRER FOR ANDRE!

Svartrast

TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

- Høyr kor fint eg syng!

Ja, svartrausta er verkeleg ein meistersongar. Frå ein tretopp eller eit hustak sender han ut sine fortryllande og litt vemodige tonar, - til stor glede for den som stoppar opp og lyttar. Der og då treng ein ikkje tenkja på at songen er retta mot andre svartrastar. Til andre hannfuglar er songen derimot eit varsku: Hald deg unna, her er det eg som er sjef! Til hofuglar: Sjå kor flott eg er, og høyr kor fint eg syng! Dei fleste andre fuglar har ei fast sangstrofe som dei gjentek. Svartrasta er meir avansert og imponerer med stadig nye tema.



Det er lett å skjønna kvifor fuglen har fått namnet svartrast. Hannfuglen er kolsvart med eit flott gult nebb. Hofuglen er ikkje så prangande med si brune fjørdrakt. Reiret blir bygd av småkvistar og strå. Rugetida er 13 døgn, og ungane forlet reiret 13 dagar seinare. To kull å 3-4 ungar er vanleg. Kosthaldet er

variert, -meitemark, insekt av ulike slag og mykje bær og frukt om hausten.

Svartrasten er ein trekkfugl, men på våre kantar er det vanleg at han blir her også om vinteren.

Hjernetrim

HelgeKryssord 1/21


(av Gabriel Tengsareid)

Vassrett

1. Høgtidspynt
11. Om
13. Vikar
14. Modnast
16. Avslag
17. Gjera på nytt
19. Digital Terrestrial Television
20. Bygd i Rogaland
21. Kvinnenamn
22. På bilar i Slovakia
23. Rim
25. Trongsynt
27. Pronomen
28. Prat
29. Ytre
32. Refser
34. Viser
38. Forlenga livet
39. Ferske
40. Stunda
41. Andletet


Loddrett

1. Pesten
2. Kople om
3. Satirisk vengjebilette
4. Einbuar
5. Skuggehue
6. Kryr
7. Potensiell
8. Hovudplagga
9. Karpefisk(art)
10. Lage
12. Jesu ord på korset
15. Væte eit skipsdekk
18. Morene
24. Naska
25. Universitetssjukehus
26. Tenkjeevne
30. Tettingsmiddel
31. Kløyve
33. Handelsavtale
35. Husdyr
36. Åsside
37. Ta imot



A	R	U	T	I	N	E	R	T	S	P	E
D	E	T	→	H	E	V	→	E	I	↓	V
R	I	E	S	L	I	N	G	S	K	R	I
E	S	A	N	D	E	A	N	A	L	O	G
N	E	R	V	Ø	S	E	I	N	A	S	T
A	B	B	E	D	I	D	U	E	R	E	R
L	Y	E	E	G	N	U	R	P	S	←	E
I	R	I	S	E	R	A	A	R	E	N	E
N	A	D	E	M	I	D	D	E	L	E	T

Løysing Helge-
kryssord - 5/20



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

15.11.2020: Lerke Underhaug Berntsen,
Sonja Salte Håland
20.12.2020: Jonah Keltie Fotland,
Abel Ueland
03.01.2021: Hermine Love Jakobsen
31.01.2021: Oskar Kvitvær

TIME KYRKJE


08.11.2020: Eline Serigstad
14.11.2020: Even Johnson Alstadsæter,
Jonas Johnson Alstadsæter,
Kaja Tegle, Ella Vaaland
29.11.2020: Lotta Mæland, Andrea Nesse
Reime, Rinde Topdal-Ølberg
13.12.2020: Lydia Høyekvam
25.12.2020: Tobias Lye Larsen
16.01.2021: Lukas Monsen, Neo Nærland
31.01.2021: Lydia Pallesen Haugland,
Mio Kro

UNDHEIM KYRKJE

08.11.2020: Seline Hagen Risa,
Oliver Lonsdale Undheim,
Maia Undheim
26.12.2020: Ada Egeland

BORN FRÅ TIME D ØYPT ANDRE STADER

01.11.2020: Varg Galland Rangen



Vigde

TIME KYRKJE

14.11.2020: Trine Hansen
og Stian Gjermestad
02.01.2021: Marit Lucie Johnsen
og Tine Johnsen

Ynskjer du nokon å snakke med?


Du er velkommen til å ta kontakt
med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø
(Undheim) tlf. 467 94 518

Sokneprest Yngvar Nilsen (Time)
tlf. 466 52 874

Diakon Praxedes Slettebø
tlf. 48 89 69 19



Døde

Leif Marton Grødem,
Tor Garthen,
Rolf Scheie,
Lis Aal Kleppe,
Kristen Ole Birkeland,
Karl Bjerke,
Terje Mikal Vardøy,
Magnhild Valen-Sendstad Lothe,
Svein Dag Hana,
Stig Sæveland,
Astrid Egeland Köhler,
Anny Tunheim,
Tonje Strømstad Johansen,
Ella Elisabeth Bjelland,
Harald Nærland,
Eirik Håland,
Kåre Undheim

Støttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støtte-
grupper etter at ein har mista ein av
sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei
slik gruppe, ta kontakt med diakon på:
diakon@time-kyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på
tlf. 51 77 03 77

KROGEDAL
begravelsesbyrå



51 97 29 00

DØGNVAKT



3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt

www.novabegravelse.no

Hanne Brit
Sandsmark
og Meyfrid
Hersdal





BARNAS SIDE

Finn fem feil! Då dei kasta ut garnet der Jesus sa, fekk dei så mykje fisk at båten nesten sank! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Monica Bauleo)



Finn namn på 10 dyr!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 dyrenamn. Dei står frå venstre mot høgre, og nedover. Kan du finne alle?

O	L	V	I	P	O	L	V	I	R	A
K	Y	G	R	A	P	E	K	A	T	T
L	V	I	P	N	A	S	I	N	Å	J
A	F	L	O	D	H	E	S	T	T	S
T	R	Ø	N	A	U	L	E	I	T	O
R	E	V	N	L	N	U	B	L	Æ	M
O	K	E	I	U	D	X	R	O	P	O
P	A	N	K	I	D	R	A	P	I	R
I	B	K	A	N	I	N	T	E	P	O

Gje
barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta
frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 03 71 00**.



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.
Kva skjuler seg her?



Vitsar

Ein musunge titta
ut av museholet om
kvelden. Då fekk han sjå
ei flaggermus.
– Mamma! ropa musun-
gen. – Eg har sett ein
engel!

– Eg håpar det
ikkje blir regn i dag,
sa kengurumamma.
– Det er så travelt når
ungane leikar inne.

FASTE-TIPS 2021

Faste er tiden før påske. Den varer i 40 dager! Mange synes det er fint å gjøre noe spesielt ut av fastetiden. Kanskje du vil prøve? Her er 40 tips. Hvor mange klarer du å krysse av før påske?

Lær bort noe du er god til

Lek med noen som er mindre enn deg

Rydd rommet ditt for å tjene penger til fastebøssa

Lær et fint bibelvers utenat

Bygg en hytte i stua og inviter noen inn på kjeks

Gjør en «ikke så gøy jobb» uten å bli spurt (gå med søpla, tørk av bordet e.l.)

Lag en kopp kaffe, te eller kakao og gi til noen hjemme

Ring til en du ikke har snakket på en stund og snakk om noe hyggelig

Pass på at dere sorterer ut papir fra søpla

Si hei, eller snakk med en du ikke kjenner

Lag en fastebøsse du kan putte penger i og gi til noen som trenger det!

Finn ut litt mer om Antalya evangeliske kirke og be for dem

Lag en skattejakt for en venn i hagen din

Prøv å være bare positiv en hel dag

Hva kan du gjøre for å spare miljøet i dag?

Få noen til å le!

Finn ut hva postmannen, butikkarbeideren e.l heter og hils dem med å si navnet deres

Vær den første til å si unnskyld hvis noe dumt skjer, eller tilby din hjelp i en vanskelig situasjon

Les om hva som skjer på skjærtorsdag i Bibelen

Plukk opp søppel du finner på bakken

Lag et kort til noen som er syke

Hele familien spiser litt mindre til middag, og du kan by på dessert

Lag papirblomster og gi til noen

Tilby deg å hjelpe med noe hjemme

Smil til 10 personer i løpet av dagen!

Gi postmannen en sjokolade

Lag og heng opp en «ta et kompliment» ark, så folk kan rive av og ta meg seg

Gi bort noen brukte klær eller leker til noen som trenger det

Gi en anonym gave til noen som er triste eller lei seg

Skriv et kort eller lag et brev og fortell noen at du er glad i dem!

Lage en kjempelang liste med ting du er takknemlig for

Legg noe fint på trappen til naboen. Ring på og spring!

Fortell en venn noe du liker veldig godt med dem

Tilby deg å vaske bilen, og gi pengene til noen som trenger det

Lag en kake, eller noe annet godt og del med noen

Lag en hyggelig videohilsen og send til noen du ikke ser så ofte

La noen andre enn deg velge hva dere skal se på tv eller spille

Lag noe du kan gi bort

Snakk med noen om ting som opptar deg. Finn en sak å gi pengene i fastebøssen til.

Den Norske Israelmisjon, Stavanger krets Kretsårs møte på Bryne Søndag 14. mars 2021



Innhold:

- Deltakelse i gudstjenester i Time kyrkje og Frøyland Orstad kirke, kl 1100
- Kaffe og smittetrygg mingling i Saron, Bryne kl 1330

Resten av programmet blir på Saron

- Årsmøtet kl 1400
- kl 1630, stor misjonsfest som starter med smittetrygg servering

Generalsekretær Vegard F. Soltveit er hovedtaler for dagen. Han vil tale ved gudstjenesten i Time kirke, og på festen om ettermiddagen. Vi tilbyr ikke middagsservering mellom gudstjeneste og årsmøte. Noen viktige punkt i årsmeldingen for 2020: Den krevende smittesituasjonen, ny gjenbruksbutikk er etablert, Kretsletteret ble utsolgt og at det ble skifte i stillingen som misjonsrådgiver.



TORSDAGSTREFF i Bryne kyrkje våren 2021

18. mars, 15. april, 20 mai
Torsdager kl 14.30 - i kyrkjesalen

Velkommen!

 Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	aktiv. Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no	 Varme & velvære entusiast REIME VARMEPUMPER OG SPA www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22
 PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 148, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	 Holmane Bil Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80 http://holmanebil.no CHEVROLET Jeep ISUZU SSANGYONG RALLY
REMA 1000 Håland 7-23(8-21)	Byggelaget	 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net
Motor Forum Stavanger - Sandnes RENAULT DACIA MITSUBISHI MOTORS	 Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	 nye JÆREN KABELNETT Lokal og best på pris
 Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it	container utleie Renovasjons-service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	<i>Bogh Lafoss als</i> TOYOTA Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no
 PRIVATMEGLEREN JÆREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	 SPAREBANKEN SØR	haver
 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90	 e i k h i	Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50


Rogalandshus

Vår kompetanse - din trygghet

Sjekk Punkt
SILVERKSTED

www.sjekkpunkt.no

4000 6447

LYE BIL AS

Prestegardmarka 1

4340 Bryne

**DEN NORSKE KYRKJA**


Helgedagen

Kyrkjelydsblad for Time

Nr. 3

MARS 1971

3. årg.

Speiderjubileum

I årsrapportene til Norsk Speiderguttforbund (N.S.F.) står hvert år spørsmål om bl.a.: Står det noen menighet bak? Og: Er det noe foreldreråd som støtter speiderne? Som regel har vi svart «nei» på første spørsmålet. Likevel regner vi oss med til Time menighet. Men det spørs hva resten av menigheten mener. — På andre spørsmålet har vi som oftest også svart «nei». Men ved spes. situasjoner — f.eks. da speiderhuset skulle reises og nå i forb. med jubileet — har foreldrene

støttet. Det er lederen for 1. Bryne gruppe av N.S.F., apoteker Arthur Dahle, som nevner dette i vår samtale om gruppens 50 årsjubileum. La det være innledning til vår samtale — og samtidig en utfordring!

— — —

Jubileet er ikke tenkt som skryt av store prestasjoner. Men som markering av hvor vi står. Det skal holdes Brynemanøver, utstilling i speiderhuset i Vardheia, jubileumsfest og speider-familie-gudstjeneste i forb. med jubileet. Landsspeidersjefen, sykehusprest Knut Enger kommer.

— Hva er speiderarbeidet?

En sikter mot å nå det enkelte menneske. Speidersymbolet, — liljen, — er et godt uttrykk for hva vi vil. Det peker på de tre sider ved mennesket: Legen — sjel — ånd. Vi ønsker gutter som nærmer seg Gud uten å stenge seg ute fra verden. Speiderarbeidet skal ikke engasjere slik at det går ut over utdannelsen. Samtidig ønsker vi gjennom sunt kameratskap, lagsarbeid, turer — å hindre sjøløpethet. Ved fysisk trening skal en ta vare på kroppen sin uten å henfalle til sportsidioti. Vårt arbeid er ett tilbud til gutter, — ikke det eneste.

Hvert speidermøte slutter med bønna:

*«Kjære Far i høye himmel,
Hør mitt hjertes stille bønn!
Hvor jeg er i verdens vrimmel,
La meg ferdes som din Sønn!
La meg leve deg til ære,
Hedre Norge, far og mor,
Andre folk til nytte være,
Lyde speiderlovens ord!»*

Helgedagen for
femti år siden

Velkomen til kyrkje

Hugs at ved å melda seg på gudstenestene på førehand er ein garantert plass. Påmelding finn de på kyrkjene sine nettsider, eller ved å ringja til kyrjekontoret på 51770377»

GUDTENESTER

 Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 951 25 002

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

Sundag 7.mars Undheim kyrkje Lye forsamlingshus Bryne kyrkje	3.sundag i fastetida 10:30 Gudsteneste, søndagsskule 10:30 Gudsteneste 19:00 Kveldsgudsteneste	Mark 9, 17-29
Sundag 14.mars Time kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	4.sundag i fastetida 11:00 Gudsteneste 11:00 Familiefokus 18:00 Søndagstreff	2.Kor 5, 18-21
Sundag 21.mars Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje	Maria budskapsdag 10:30 Gudsteneste 10:30 Familiegudsteneste 11:00 Gudsteneste for store og små	Luk 1, 46-55
Sundag 28.mars Undheim kyrkje Bryne kyrkje Time kyrkje	Palmesundag 10:30 Gudsteneste, søndagsskule 11:00 Gudsteneste, søndagsskule 11:00 Gudsteneste	Matt 26, 6-13
Torsdag 01.april Bryne kyrkje Undheim kyrkje	Skjærtorsdag 19:00 Gudsteneste 19:00 Gudsteneste	Luk 22, 14-23
Fredag 02.april Bryne kyrkje	Langfredag 11:00 Gudsteneste	Luk 22, 39-Luk 23, 46
Laurdag 03.april Time kyrkje	Påskennatt 23:00 Gudsteneste	Mark 16, 1-8
Sundag 04.april Undheim kyrkje Time kyrkje Bryne kyrkje	Påskedag 10:30 Høgtidsgudsteneste 11:00 Gudsteneste, søndagsskule 11:00 Høgtidsgudsteneste, søndagsskule	Matt 28, 1-10
Sundag 11.april Bryne kyrkje Time kyrkje Bryne kyrkje	2.sundag i påsketida 11:00 Gudsteneste, søndagsskule 11:00 Gudsteneste 18:00 Søndagstreff	Joh 21, 15-19
Sundag 18.april Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	3.sundag i påsketida 10:30 Gudsteneste 10:30 Gudsteneste, søndagsskule 11:00 Familiefokus 19:00 Kveldsgudsteneste	Joh 10, 1-10
Laurdag 24.april Bryne kyrkje Bryne kyrkje	Joh 10, 1-10 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste	
Sundag 25.april Bryne kyrkje Time kyrkje	4.sundag i påsketida 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste 11:00 Gudsteneste	Joh 13, 30-35